



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vatn og avløp

Kvinnherad kommune VA
v/ Egil Eide
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Kjersti Leth Lønning	913 30 568	2018/876-3		16.03.2018

Svar på søknad om graveløyve på Hjelmelandsvegen ved 112/18

Løyve vert gitt med heimel i Veglova §32 og §57, og under føresetnad av at Kvinnherad kommune sine retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i og langs offentlig vert fylgde, sjå www.kvinnherad.kommune.no, under Trafikk og samferdsel, Veg og vegstell, og Graveløyve..

Vi vil spesielt nemna desse vilkåra :

1. Graveløyve fell bort dersom omsøkte graving ikkje er gjennomført innan 1 år.
2. Løyve frå kommunen er mellombels. De har plikt til å endre, evt. fjerne det dersom kommunen finn det naudsynt. Ei slik endring / fjerning må de koste sjølv.
3. Godkjent arbeidsvarslingsplan må utarbeidast før arbeid vert starta opp, jf. Handbok N301. Denne skal utarbeidast av søkjar, eller entreprenør. Kommunen skal ha planen til godkjenning.
4. Utførande entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen der det skal gravast.
5. Mogeleg ulempe som vert påført leidnings- eller kabelanlegget i samband med veghaldars vedlikehalds-, reparasjons- eller utbetningsarbeid er veghaldar uvedkommande.
6. For istandsetting av grøft gjeld punkt 1.17 i Retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i kommunal veg. Dårlege massar skal skiftast ut og det skal komprimerast lagvis.
7. Evt. øydelagt asfaltdekke etter gravearbeid skal utbetrast av godkjent asfalt-entreprenør. Tjukkleiken og kvaliteten på asfaltdekket skal minst vera det same som tidlegare dekke. Viser til omtalte retningslinjer og vedlegg 5 for detaljert rettleiing. Det skal leggjast midlertidig dekke oljegrus /asfalt umiddelbart etter arbeidet er ferdig og endeleg dekke skal leggjast innan 3 veker etter fullført arbeid.

8. De skal setje vegområdet i fullgod stand etter arbeidet. Sideterreng skal ordnast i hht. Hb.N101, slik at det ikkje fører til skade ved utforkjøring. Dersom vegarbeidet ikkje vert sett i fullgod stand, eller det vert "setningar" i vegdekket etter gravearbeidet, må de ta arbeid og kostnad med reoperasjon av skadane. Søkjar er ansvarleg for vedlikehald til endeleg dekke er lagt og i garantiperioden.
9. Når vegområdet er satt i fullgod stand skal kommunen kontaktast for ferdig – synfaring og godkjenning.
10. Etter utført arbeid må det dokumenterast på teikning kva leidningar som er lagt ned og entreprenør skal senda inn innmålingsdata.
11. Skjema for entreprenørens eigenkontroll skal fyllast ut og sendast oss etter at arbeidet er avslutta sjå vedlegg 4 i Retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i kommunal veg.

For ordens skuld vil vi gjera merksam på følgjande:

Før gravearbeidet tek til skal entreprenøren undersøkje om :

- Telenor har kablar i området
- Kvinnherad energi / Fjelberg kraftlag har kablar i området
- Kvinnherad breiband har kablar i området

Med helsing

Kjersti Leth Lønning
Saksbehandlar - Vatn og Avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Jon Harald Kjærland
Per Inge Naterstad